

# Brakakledning Teodorløa

## Delrapport bakre langvegg



Biletet over viser langveggen slik han var før arbeidet tok til. Delar av veggen hadde restar av brakakledningen, i svært dårleg forfatning. Andre delar av veggen har vorte dekt med brukte forskalingsbord, bølgeblekk og presenning. Veggen var slik dagens eigar overtok han etter onkelen sin.

På grunn av ei arbeidsulukke med ein påfølgjande skulderoperasjon har eg hatt bak meg ei lengre sjukemelding, så prosjektet har vorte utsett på grunn av det. Fleire av tilskotsytarane har difor gjeve utsetjing på bruk av midlane. Dette har også vore tilfelle for fleire av oppdraga eg har, så på grunn av tidsfristar andre stader er eg nøydd til å dela opp arbeidet, slik at langveggen vart tatt no, og gavlen og framveggen vert tatt til hausten. Arealmessig fordeler dei seg slik: bakre langvegg ca 30 m<sup>2</sup>, gavlen 27 m<sup>2</sup> og framveggen 13 m<sup>2</sup>.

Arbeidet starta med å jekka opp den nedsegne opplengja som neste bilete viser, og skøyta inn ein ny del på svilla ho står på. Deretter vart spikarslaga til skvetthellene undersøkt, og dei som var dårlege, vart erstatta med nye. Det vart laga av bjørk, og hogd til med øks, slik dei gamle er.



Som det første biletet viser, mangla ein del av skvetthellene. Eit par av dei fann eg inne i løa, men nokre måtte lagast nye. Eg har funne heller og hogd dei til, slik at dei passar fint inntil einannan. Denne løa er eit fint døme på korleis ein har funne ein varig, nesten vedlikehaldsfri og velfungerande kledning for den nedste delen av veggjen som er mest utsett væte og råte her i vårt klima.

Stengene brakjen var tredd på, var for det meste bjørk, og ein og annan raun, Dette er vanleg for Osterøy, men gardane langs Sørfjorden brukte ofte stenger av ask, sidan dei hadde god tilgang på det. Her på Mjelstad er det mindre ask, og eg fann det eg trong av stenger av bjørk og raun i lia på andre sida av vegen, under 200 m frå løa. Eg hogde unge, rettvaksne tre på 3-7 cm i stammetverrmål, og desse vart hogde flate på sidene, slik at dei vart 3-4 cm tjukke i heile lengda. Dei vart elles ikkje berkete, så dei er laga til slik dei gamle stengene var. Stengene vart spikra på med 20 cm avstand, tilsvarande slik dei gamle var. Dette er typisk avstand her i området på heimeløer, det gjev ein tett og varig kledning. På naust, utløer og andre uthus kan ein stundom finna litt større avstand og kledning som ikkje er like nøye tillaga.



Biletet over viser venstre delen av veggen etter at bordkledningen er fjerna. Ein ser at det heng att bitar av stengene frå den gamle brakakledningen, og på opplengja til venstre ser ein tydeleg at spikrane som haldt stengene står att, med omlag 20 cm mellomrom.

På dette bruket er det lite brakje no, så eg har klypt brakje på kommunen sin eigedom på Bruvuk. Der er det gode forekomstar av veleigna brakje like i nærleiken av vegen, så det vert lite arbeid med frakt. Brakjen vert bunta saman med 100 busker i kvar bunt, og på kvar tur fekk eg 17 buntar på hengarlasset, og 6 buntar i bilen. Eg hadde 3 slike turar for å få nok brakje til heile veggen.

Når ein trer, reinskar ein stilken så det er att omlag 30 cm med bar i enden. Veggen vert altså rundt 30 cm tjukk. Buskene vert banka saman sidevegs med ein øksenakke etter kvart som ein trer, og alt bar ein reinskar av stilkane vert lagt inn i veggen, særleg ved opplengjene, der det «manglar» nokre busker. På denne måten vert veggen så tettpakka som det er råd å få han, og det er avgjerande for at han skal vara lenge. Sidan han er så tett tredd, brukar eg ein pren laga av ein kvesst pinne. Denne pressar eg inn mellom stilkane på forrige rast for å laga rom for dei nye stilkane etter kvart som eg trer, for mange stader er det så kompakt at eg ikkje får stukke stilkane inn elles.

Det er svært tilfredsstillande å sjå løa med ny, grøn brakakledning, og tenkja på at han kan stå vedlikehaldsfritt i rundt 100 år. Då er det ikkje så vanskeleg å godta at han er litt arbeidskrevjande å laga.

Eg legg ved nokre bilete frå arbeidet, og av den ferdige veggen.

Votlo, 16/1 2023

Kjetil Monstad, utførande handverkar













